

Rapport om studentevaluering av NOSPAN101 Moderne norsk, våren 2020

Vi har for første gong prøvd ut snudd undervisning i tilnærma full skala. Det var seks dobbelførelesingar først i semesteret. Førelesingane er elles erstatta av korte pensumvideoar, i alt 116 stykke. Sidan var det to dobbeltimar obligatoriske oppgåveseminar i veka, til saman 44 timar. Fem seminargrupper med inntil 30 studentar i kvar gruppe, inndelte i faste arbeidsgrupper på inntil fem studentar.

På Mitt UiB ligg det detaljerte planar for kva som skal lesast, oppgåver som skal løysast, og videoar som skal sjåast. Seminara har gjerne hatt korte introduksjonar, men elles forsøksvis lite lærarstyring. Løysingane har først komme i ettertid, når alle gruppene har hatt seminar. Dette er fordi kvar student skal levere oppgåvesvar minst to gonger, utan å ha tilgjengeleg fasit.

Då campus blei stengd, gjorde vi seminara om til Zoom-seminar, men dei blei ikkje obligatoriske. Deltakinga var vekslande, men jamt over svak. Av Zoom-tekniske grunnar hadde vi ikkje faste arbeidsgrupper, men tilfeldig inndeling.

Studentevalueringa er gjennomført med SurveyXact. Det var 46 respondentar, som vel er noko i overkant av ein tredel av studentane.

SPØRSMÅL OM TIDA FØR KORONATILTAKA

I seminarøktene på campus, kva tenkjer du om mengda av lærardeltaking?

Litt for mykje: 4 %. Passeleg mykje: 65 %. Litt eller altfor lite: 30 %.

I kva grad var du førebudd til seminarøktene, med lesing, oppgåver og videoar på førehand?

Svært eller nokså godt: 47 %. Middels godt: 31 %. Nokså eller svært dårleg: 22 %.

Kva læringsutbytte synest du generelt at seminarøktene på campus hadde?

Svært eller nokså godt: 70 %. Middels godt: 20 %. Nokså dårleg: 10 %.

I kva grad vil du seie at seminarøktene gjorde at du blei betre integrert med medstudentar?

Svært eller nokså stor grad: 49 %. Nokon grad: 33 %. Nokså eller svært liten grad: 18 %.

Har du andre synspunkt om situasjonen FØR koronatiltaka?

Svara er svært spreidde. På den positive sida framhevar fleire seminaropplegget. Nokre nemner videoane som nyttige.

På den negative sida nemner fleire at dei ville ha hatt fleire førelesingar. Det er òg ein del som er misnøgde med arbeidsgruppeinndelinga i seminargruppene: dårleg gruppedynamikk, ulike føresetnadar, ulik førebuing, ulik programtilhøyrslar. Ein del ønskjer seg færre obligatoriske timar, og nokre er misnøgde med at dei må sitte tida ut. Nokre ønskjer seg meir rettleiing, tilbakemelding, løysingar undervegs i seminara i staden for etterpå. Nokre nemner at undervisningsromma var ueigna for gruppearbeid. Nokre nemner stor arbeidsmengde og behov for introkurs.

SPØRSMÅL OM TIDA UNDER KORONATILTAKA

Kor mange Zoom-seminar deltok du på?

Alle eller meir enn halvparten: 34 %. Om lag halvparten eller mindre: 28 %. Ingen: 37 %.

I den grad du deltok på Zoom, kva læringsutbytte synest du generelt at øktene hadde?

Av dei som hadde delteke på noko: Svært eller nokså godt: 48 %. Middels godt: 29 %. Nokså eller svært dårleg: 23 %.

I den grad du ikkje deltok på Zoom, kva var grunnen til det?

Svara er svært varierte. Dei vanlegaste grunnane er at ein ønskjer å arbeide sjølvstendig, og at ein ikkje har fått tid til førebuing. Somme har laga sine egne kollokvium. Nokre slutta fordi dei var misnøgde med utbyttet. Fleire nemner det som må tolkast som psykososiale sperrer mot å delta i videomøte. Fleire nemner òg at dei opplevde det som vanskeleg at arbeidsgruppene varierte (jf. meir av det motsette synet på campusseminara), og somme uteblei fordi andre frå seminargruppa ikkje var med. Nokre mangla utstyr til å delta, og fleire hadde heimesituasjonar som gjorde deltaking vanskeleg. Berre to nemner at lønt arbeid var grunnen.

Har du andre synspunkt om situasjonen UNDER koronatiltaka?

Mange nemner at Zoom-seminara var ei god erstatning, eit par synest faktisk dei var betre enn campusseminara – mens nokre meiner kvaliteteten blei svekt. Nokre framhevar at Zoom-seminara gav kvardagen litt struktur, og at det blei greiare å delta når dei fekk erfaring. Det er mange andre synspunkt, men få som går att hos fleire respondentar.

SPØRSMÅL OM SEMESTERET SOM HEILSKAP

Andslå kor mange av pensumvideoane du har sett (i alt 116 videoar).

10 oppgir at dei har sett minst 100. Fordelinga nedover er forholdsvis jamn. 4 oppgir at dei har sett færre enn 10.

Beskriv korleis du har brukt pensumvideoane.

Svara viser at bruksmåtane varierer mykje; det er vanskeleg å gi noka god oppsummering.

Synest du vi burde ha brukt meir undervisningstid på visse tema?

Andrespråk: 54 %. Syntaks: 46 %. Tekstbinding: 35 %. Fonetikk/fonologi: 30 %. Morfologi: 24 %. Ordkunnskap: 13 %.

Synest du vi burde ha brukt mindre undervisningstid på visse tema?

Ordkunnskap: 46 %. Morfologi: 37 %. Fonetikk/fonologi: 22 %. Syntaks: 15 %. Tekstbinding: 11 %. Andrespråk: 4 %.

Alt i alt, kor fornøgd er du med NOSPAN101?

Svært godt: 7 %. Temmeleg godt: 59 %. Verken/eller: 22 %. Temmeleg misfornøgd: 7 %. Svært misfornøgd: 7 %. (7 % = 3 respondentar.)

Nemn noko som fungerte godt, og som vi bør fortsetje med.

Heile 26 respondentar framhevar seminar og oppgåveløysing. Av desse er det 7 som framhevar det som positivt at seminara er obligatoriske. 13 respondentar nemner pensumvideoane. Moment som elles går igjen hos fleire, er: flinke/hyggelege lærarar og faste arbeidsgrupper i seminara. Utover dette er det ingen svar som går att.

Nemn noko som vi bør endre for at emnet skal bli betre.

13 respondentar ønskjer fleire førelesingar (mens 2 meiner vi kunne ha kutta ut alle). 4 respondentar nemner at emnet er vanskeleg utan ex.fac. (inkl. for lektorstudentar med historie/religion som fag 1), og at eit introkurs hadde vore bra. 3 nemner at dei ville ha hatt meir individuelt arbeid i seminara, og ikkje faste arbeidsgrupper. Elles er det mange forskjellige punkt, men ingen som utmerkjer seg.

Siste spørsmål: Har du noko du vil leggje til?

Det var ikkje mange som svarte noko meir her.

FRAMLEGG TIL TILTAK FRÅ EMNEANSVARLEG

Det er for tidleg å trekkje sikre konklusjonar om kor godt eller dårleg det nye snudde opplegget fungerer, etter eitt semester – som blei omlagt som følgje av koronatiltaka allereie etter fem veker med snudd undervisning.

Mange uttalar seg positivt om pensumvideoane, men somme synest det er mykje å halde styr på, med pensumbøker, videoar osv.

Mange studentar framhevar seminara som noko positivt. Dei blei ikkje spurt om synspunkt på obligatorisk frammøte, og det er omtrent like mange som på eige initiativ framhevar det som positivt, som det motsette. Ein del studentar er positive til seminar, men meiner det er for mange timar. Her må ein vurdere mengda i framtidige semester.

Organiseringa i seminara ser ut til å ha forbettringspotensial. Det er mogleg at ein bør ha *litt* meir fellestid styrt av læraren, og kanskje bør ein vere noko mindre restriktiv med direkte hjelp. Fleire ønskjer seg å kunne arbeide meir individuelt, og fleire er misnøgde med samarbeidet i arbeidsgruppene og den faste samansettinga av dei. På den andre sida var skiftande gruppesamansetning noko som fleire opplevde som problematisk på Zoom-seminara, så det er ikkje klart kva som er best. Uansett om arbeidsgruppene i framtida blir faste eller variable, bør ein nok legge opp til meir variasjon mellom gruppearbeid og individuelt arbeid. Det kan bety at dei to obligatoriske innleveringane bør koplast lause frå arbeidsgruppene på noko vis.

Det er òg ein god del studentar som ønskjer seg fleire førelesingar. Nokre vil nok ha eit tradisjonelt opplegg, mens andre berre ønskjer seg *litt* fleire førelesingar, t.d. oversyn eller innføring i nye disiplinane. For framtidige semester bør ein vurdere mengda av førelesingar. Det kan f.eks. vere aktuelt å gi nokre oversiktsførelesingar i dei ulike disiplinane.

Når det gjeld fordelinga mellom disiplinane, ønskjer studentane seg meir andrespråk, syntaks og tekstbinding, og mindre ordkunnskap, morfologi og fonetikk/fonologi. Dette må vurderast for framtida.

Eit klart problem, som ikkje er nytt no, er at studentar med og utan ex.fac. Språkkunnskap har svært ulike føresetnadar, særleg i grammatikk. Noko som likevel er nytt her, er at studentar på lektorprogrammet i historie/religion blir tilrådde å ta eit introduksjonskurs i historie/religion, og dermed ikkje ta Språkkunnskap. Her er det ein konflikt mellom tilrådingane for programmet og tilrådingane for emnet. Nokre studentar føreslår eit introduksjonskurs for dei som ikkje har Språkkunnskap. Det er ein god tanke. Eit slikt kurs har ein tid til i januar, men det er avhengig av omdisponerte ressursar.

Eit anna klart forbettringspunkt er undervisningsromma. Mange av seminara fann stad i auditorium som ikkje er eigna for gruppearbeid.